



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 11.05.2021 kl. 15:15-18:00

Stad: ASKVOLL KYRKJE

Frammøtte:

| | | |
|------------------------------|------------|-------------------------------|
| Jostein Gryte | Leiar | |
| Wenche Ness Gabrielsen | Nestleiar | |
| Arnt Johny Langeland | Medlem | |
| Karen Anny Espedal | Medlem | |
| Jarle Magnus Vilnes | Medlem | Ikkje til stades under sak 26 |
| Kjell Olav Høstaker Nordheim | Medlem | |
| Lillian Oddekalv Gjervik | Medlem | |
| Aud Kari Steinsland | Varamedlem | Ikkje til stades under sak 26 |
| Ingvild Loftheim | Varamedlem | |

Forfall:

| | |
|-------------------------|--------|
| Bjørn Arne Mjåseth | Medlem |
| Solfrid Løvik Hellevang | Medlem |
| Ole Kistrup Vilnes | Medlem |
| Terje Mork | Medlem |

Møtande frå administrasjonen og andre møtande:

| | |
|------------------------|-------------------|
| Rune Ziener | Kyrkjeverje |
| Guro Høstaker Nordheim | Kyrkjelydspedagog |
| Nikolai Sudenko | Organistvikar |

Saker handsama på møtet:

| Saksnr | Uoff | Tittel | Sakshandsamar |
|------------|------|---|---------------------------|
| SR 2021/21 | | Godkjenning av innkalling og dagsorden | RUNE ZIENER |
| SR 2021/22 | | Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 30.03.2021 | RUNE ZIENER |
| SR 2021/23 | | Skriv, meldingar og drøftingar | RUNE ZIENER |
| FR 2021/24 | | Leasingavtale - plentraktor | RUNE ZIENER |
| FR 2021/25 | | Tilslutningsavtale om felles personvern- og informasjonssikkerhet | RUNE ZIENER |
| FR 2021/26 | | Leiarlønnsvurdering | WENCHE NESS GABRIELSEN |
| SR 2021/27 | | Soknemøte og kyrkjelydens årsmøte 2021 | RUNE ZIENER |
| SR 2021/28 | | Revidert gudstenesteordning | RUNE ZIENER |
| SR 2021/29 | | Revisjon av trusopplæringsplanen for Askvoll | RUNE ZIENER |

Askvoll, 11.05.2021

Rune Ziener
referent

SR 2021/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

Forslag frå leiar om å endre rekkjefølgja i handsaminga av sakene, slik at sakene 28 og 29 vert tekne rett etter sak 22, og sak 26 heilt til slutt.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre, men med endring i rekkjefølgja.

SR 2021/22 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 30.03.2021

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå soknerådsmøte 30.03.2021.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå soknerådsmøte 30.03.2021.

SR 2021/23 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2021/19 Bjørgvin bispedømmeråd: Reglar om betaling for bruk av kyrkjene i Askvoll – søknad om godkjenning (30.04.2021)

M 2021/20 Askvoll kommune: KOM 017/21 Vedtak. Regulering av festeavgifter (15.04.2021)

M 2021/21 Notat frå kyrkjeverja: Festeavgift og betalingsfri gravperiode (19.04.2021)

M 2021/22 Kyrkjelydsutvalet i Askvoll: Møtereferat 24.03.2021

M 2021/23 Status på investeringsprosjekta

M 2021/24 Organiststillinga

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2021/24 Leasingavtale - plentraktor

UTGREIING

Det vert vist til tekstleg føring i budsjettvedtak for 2021 (FR 2021/6), då ein ikkje fann rom for kr 80.000,- til kjøp av ny plentraktor i inneverande års budsjett:

«Fram mot sesongen 2021 bør ein sjå på alternativ finansiering for å alltid ha to plentraktorar tilgjengeleg. Om ikkje finansiering av kjøp av ny traktor kjem på plass, kan ein vurdere leasing eller låneopptak.»

Låneopptak er ikkje vurdert, men ein har motteke tilbod om 3-årsavtale på leasing av plentraktor. Årleg avtalepris inkludert service er ca. kr 25.123,-. Gjenkjøpspris etter 3 år er kr 32.895,-.

Tilsvarande nypris er kr 82.238,-

For å unngå utlegg til heile kjøpesummen i éitt budsjettår, kan leasing vere eit godt alternativ.

Ein treng ikkje justere budsjettet i denne omgang, men komme tilbake til det i ei større justering. Pr. mai 2021, har ein i alle høve pga. fire månaders vakant 20% stilling for kyrkjegardsarbeidar hatt ei lønnsinnsparing på over kr 27.000,- + sosiale kostnader, noko som vil kunne dekke leasingutgifta første året.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd inngår 3-årig leasingavtale på plentraktor.
2. Ein kjem tilbake til budsjettjustering i seinare sak for å finansiere avtalen første året.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd inngår 3-årig leasingavtale på plentraktor.
2. Ein kjem tilbake til budsjettjustering i seinare sak for å finansiere avtalen første året.

FR 2021/25 Tilslutningsavtale om felles personvern- og informasjonssikkerhet

UTGREIING

Etter at ny Lov om personvern, som innlemmer EUs personvernforordning (GDPR), trådte i kraft 20. juli 2018, har Den norske kyrkja sentralt arbeid med personvern og korleis krav i nytt regelverk kan følgast opp på best mogleg måte.

Kvar enkelt verksemd har eit sjølvstendig ansvar for å oppfylle bestemmelsene i nytt regelverk. Saksfeltet er omfattande, og det er krevjande for kvar enkelt lokal verksemd å opparbeide seg full oversikt her.

Kyrkerådet har sett ned eit eige utval: - Sikkerhetsutvalget for personvern og informasjonssikkerhet i Den norske kirke – som arbeider med temaet. Alle kyrkjelege fellesråd i landet får no tilbod om å slutte seg til ein felles avtale.

«Målet med avtalen er at alle enheter i Den norske kirke skal settes i stand til å etterleve kravene knyttet til vern av personopplysninger og informasjonssikkerhet.»

Avtalen har ulike elementer som i sum skal sørge for at Den norske kirke får etablert et felles personvern- og informasjonssikkerhetsarbeid.

Ved å slutte seg til avtalen forplikter den behandlingsansvarlige seg til å følge avtalens bestemmelser og man nyter godt av de tjenester som etableres. Eksempler på dette er felles sikkerhetsutvalg, personvernombud, informasjonssikkerhetsansvarlig, fellesopptreden overforleverandører og krav til disse, felles rutiner, tilgang til veiledningsmateriale og systemstøtte for behandlingsprotokoll og avvik.»

Avtalen omfattar ikkje det enkelte kyrkjelege fellesråd som gravplassforvaltar og som arbeidsgivar, då behandlingsansvaret her vert heilt ut lokalt.

Frist for tilslutning til avtalen er sett til **22. mai 2021**.

Estimert årleg kostnad for tilslutning er kr 1.000 – kr 2.500,- for fellesråd med under 10.000 innbyggjarar.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tilslutter seg felles avtale om personvern og informasjonssikkerhet i Den norske kyrkja.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å signere avtalen på soknerådet sine vegner.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tilslutter seg felles avtale om personvern og informasjonssikkerhet i Den norske kyrkja.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å signere avtalen på soknerådet sine vegner.

FR 2021/26 Leiarlønnsvurdering

UTGREIING

Ingen

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

Møtehandsaminga er ikkje offentleg.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd sluttar seg til førelagt protokoll etter forhandlingar om leiarlønn.

SR 2021/27 Soknemøte og kyrkjelydens årsmøte 2021

UTGREIING

I samband med sak om revidering av lokal gudstenesteordning for Askvoll sokn, må ein ha soknemøte i saka, jfr. kirkeordningen § 14, 1. ledd der soknemøtet avgjer saker om innføring av gudstenestelege bøker og vidare delegasjon.

Det er sett frist til utgangen av mai månad for å fatte vedtak i saka.

Askvoll sokneråd gir innstilling i saka før vedtak, jf. kirkeordningen § 12, 6. ledd.

Utanom sak om gudstenesteordning bør ein ha kyrkjelydens årsmøte med ordinære årsmøtesaker i samme møte.

Med gjeldande koronarestriksjonar kan slikt møte gjennomførast fysisk.

INNSTILLING

1. Det vert sett opp soknemøte/kyrkjelydens årsmøte 30. mai i Askvoll kyrkje etter gudstenesta kl. 11.00.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Det vert sett opp soknemøte/kyrkjelydens årsmøte 30. mai i Askvoll kyrkje etter gudstenesta kl. 11.00.

SR 2021/28 Revidert gudstenesteordning

UTGREIING

Gudstenesteutvalet i Askvoll har utarbeidd forslag til revidert lokal grunnordning for gudstenesta (sjå vedlegg).

Arbeidsutvalet har handsama saka 04.mai. og tilrår at soknerådet vel å tilrå forslaget frå utvalet slik det ligg føre.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tilrår soknemøtet å vedta revidert grunnordning i samsvar med forslaget slik det ligg føre.

MØTEHANDSAMING

Kjell Olav Høstaker Nordheim presenterte forslaget til revidert gudstenesteordning med musikalsk akkompagnement av organistvikar Nikolai Sudento.

Avsnittet om universell utforming i planen har ikkje vorte oppdatert sidan førre planrevisjon i 2012.

Arnt Johnny Langeland sette fram forslag om at ny forordning vert oppdatert på dette punktet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tilrår soknemøtet å vedta revidert grunnordning i samsvar med forslaget slik det ligg føre, men med oppdatert avsnitt om universell utforming.

SR 2021/29 Revisjon av trusopplæringsplanen for Askvoll

UTGREIING

Askvoll sokn har sidan september 2020 hatt ei prosjektstilling som del av kyrkjelydspedagogstillinga med ei av oppgåvene å revidere gjeldande trusopplæringsplan.

Trusopplæringsutvalet i Askvoll har no lagt fram eit forslag til revidert plan (sjå vedlegg).

Planrevisjonen må godkjennast av biskopen i Bjørgvin.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek forslaget til revidert trusopplæringsplan for Askvoll.
2. Ein søker Bjørgvin biskop om godkjenning av revidert plan.

MØTEHANDSAMING

Planforslaget vart presentert av kyrkjelydspedagog Guri Høstaker Nordheim.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek forslaget til revidert trusopplæringsplan for Askvoll.
2. Ein søker Bjørgvin biskop om godkjenning av revidert plan.